



Møteprotokoll for Kraftfondsstyret

Møtedato: 02.09.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjarane invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.
Setter av ca. 15 min pr. sak til orientering/handsaming.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Egil Kvingedal	V	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Willy Borge	Frp	Frode Langhelle
Ragnvald Tangedal	AP	Arthur Reidar Sjursen

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2015	Godkjenning av møtebok
007/2015	Einakavane - søknad om støtte gjennom kraftfondet
008/2015	Masfjorden kajakkskule - søknad om støtte gjennom kraftfondet
009/2015	Nordbygda senter - søknad om tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk
010/2015	Risp garn og interiør - søknad om støtte gjennom kraftfondet

005/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

02.09.2015 KRAFTFONDSSTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - 005/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

006/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

02.09.2015 KRAFTFONDSSTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - 006/2015 VEDTAK:

Møtebok frå kraftfondsstyret 21.04.15 vert godkjend.

007/2015: Einekavane - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

02.09.2015 KRAFTFONDSSTYRET

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Einakavane får tildelt tilskot med kr. 90.000,- frå kraftfondet til utviding av vaskeri.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT - 007/2015 VEDTAK:

Einakavane får tildelt tilskot med kr. 90.000,- frå kraftfondet til utviding av vaskeri.

008/2015: Masfjorden kajakkskule - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

02.09.2015 KRAFTFONDSSTYRET

Søkjjar stilte i kraftfondstyret og orienterte nærare om prosjektet og svara på spørsmål.

Saka vart deretter drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpelig med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT - 008/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpelig med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.

009/2015: Nordbygda senter - søknad om tilskot frå kraftfondet til oppgradering av butikk

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

02.09.2015 KRAFTFONDSSTYRET

Søkjjar stilte i kraftfondstyret og orienterte nærare om prosjektet og svara på spørsmål.

Saka vart deretter drøfta.

Butikken fell utafor andre offentlege støtteordningar/Merkur, og dette vert vektlagt, samt storleiken på investeringa, slik at kraftfondstyret fann grunnlag for å støtte prosjekt i tråd med søknad.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Nordbygda senter as - Spar Hosteland får tildelt tilskot med kr. 200.000.- frå kraftfondet til oppgradering av butikk. Midlane står til disposisjon inntil 10.09.2017.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 009/2015 VEDTAK:

Nordbygda senter as - Spar Hosteland får tildelt tilskot med kr. 200.000.- frå kraftfondet til oppgradering av butikk. Midlane står til disposisjon inntil 10.09.2017

010/2015: Risp garn og interiør - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.

02.09.2015 KRAFTFONDSSTYRET

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KRFT - 010/2015 VEDTAK:

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kraftfondsstyret den 02.09.15 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Marit Steinestø
varaordfører